

Foretaksnavn NÆRØYFJORDEN VERDSARVPARK

Kontaktperson

Navn: Erling Oppheim

Utfyller

Navn: Erling Oppheim

Mottaker: Miljødirektoratet

Kopimottaker: Statsforvalteren i Vestland

SØKNAD

REFERANSEN.R.: 23S76EBB

Tiltak under satsinga Vandring og verdiskaping

I hvilket fylke skal tiltaket gjennomføres? Vestland

Anslå varighet for tiltaket: 01.03.2023 - 30.11.2023

Beskrivelse av tiltaket:

Verdsarvparken gjennomfører i lag med friviljuge lag og organisasjonar (tur- og grendalag), repr. for grunneigarar og næringsverksemdar, verneområdeforvaltning, reisemålsselskapa i regionen og arbeids- og styringsgruppe for Aurlandsdalen ei prioritert og pågåande satsing med mål om legge til rette for vandring/ opplevingar i og ikring Verdsarvparken som fremjar ivaretaking og verdiskaping. Samarbeidet har og som målsetjing og over tid bygge kunnskap om t.d. ferdsla som igjen vil vere viktig saks- og avgjerdsgrunnlag for forvaltninga. (t.d. kommunale sti- og løypeplanar.)

Satsinga er tufta på auka grad av medveten marknadsføring og besøksstyring for å redusere/ unngå ulemper og på natur-/ kulturverdiar og lokalsamfunn. I dette ligg det og etablering og drift av ferdselsteljarar som igjen byggjer kunnskap om ferdsla og grunnlag for tiltak.

Fylgjande tiltak/ innsats vil ha prioritet i 2023:

- Styrke funksjonen som støtteapparat for friviljuge org. sin operative innstats. I dette ligg det å vere pådrivar, yte praktisk innsats og støtte til m.a. dialog/ avklaring med grunneigarar og forvaltning. søknader om og rapportering i høve tilskot og økonomisk støtte, org. og gjennomføring av arbeids- /prosessmøter og forum m.v.

- Implementerte/ organisere oppstart og gjennomføring av plan for årleg skjøtsel/ vedlikehald av stiar og turveggar.

- Slutføre oversikt over etablerte/ evt. trongen for parkeringsplassar, off. toalett og søppelmottak ved dei mest

nytta turopplevingane i verdsarvområdet. Avklare ansvar for drift.

Beskriv samarbeidspartnere:

1. Grunneigarar.
2. Friviljuge lag- og organisasjonar (Bygde- og grendalag, Venner av Aurlandsdalen og Flåmsdalen.)
3. Turlaga i verdsarvkommunane. (4 stk.)
4. Visit Sognefjord AS og Visit Voss.

5. Verdsarvkommunane Aurland, Lærdal, Vik og Voss.
6. Verneområdeforvaltninga for Nærøyfjordområdet.
7. Lokale næringsverksemder/ parkpartnarar.
8. Hafslund ECO Vannkraft AS (Aurlandsdalen)
9. DNT/ Historiske vandreruter.

Hvem er målgruppen og hvilken bruk ser man for seg?

Hovudmålgruppa for tiltaka er fyrst og fremst busette i (bygdene) og gjester til Verdsarvparken. Tiltaka vil utover dette legg til rette for økonomisk verdiskaping hjå fleire verksemder og parkpartnarar som særleg marknadsfører turopplevingar og friluftaktivitetar.

Den overordna målsetjinga for satsinga vandring og verdiskaping er å få etablert/ synleggjort potensiale for vandring og andre aktivitetar gjennom god og tidlig dialog med grunneigarane/ lokalsamfunn, styrka samarbeid og samhandling mellom dei ulike aktørane om kva for turveggar/ vandringsruter som skal prioriterast for tiltak og ikkje minst kor det ikkje er ynskjeleg med tilrettelegging.

Sistnemnde vert og vurdert opp imot og samordna med rapporten "Prinsipp for Besøksforvaltning i Vestnorsk fjordlandskap" (19.10.18) og utarbeidd besøksstrategi for verneområda. I satsinga ligg det eit sentralt element av utøvande besøksleiing og ansvarleg marknadsføring. Til sist omtalt må det seiast at vi gjennom dialog med aktørane; særleg dei store reiselivsverksemdene og destinasjonsselskapa i regionen, opplever auka forståing for at det er naudsynt med samhandling og meir medveten tilnærming til kor vi sender gjestene våre på vandring.

Beskriv hvilken kunnskap/kompetanse som er nødvendig for å realisere tiltaket:

1. Prosjektleiing, samhandlingskompetanse/ dialog.
2. Tilrettelegging og merking av stiar og turveggar (Feltpersonell/ friviljuge)
3. Interpretasjon/ formidling.
4. Kartfesting og registrering.
5. Marknadsføring.
6. Besøksforvaltning og -styring.

Hvem eier grunnen der tiltaket skal gjøres (dersom det er et fysisk tiltak):

1. Private grunneigarar i Verdsarvparken. (Eieeige og/eller ulike former for sameige)
2. Kommune, fylke og stat. (Mest aktuelt i samband med tiltak som vert planlagt og gjennomført i nærleiken av off. veg og parkeringsplassar)

Hvem skal eie og vedlikeholde tiltaket i etterkant/hvordan skal arbeidet videreføres:

Parkpartnarar, lokale lag og organisasjonar gjennom avtale overtek eigarskapet til det som vert sett opp av skiltmateriell.

Der dette manglar vil Verdsarvparken vere eigar av materiellet.

Vedlikehald og tilsyn av sti- og vegnett vert koordinert av Verdsarvparken men gjennomført i samarbeid med grunneigar, turlaga, bygdelaga og andre friviljuge. Der sistnemnde av ulike årsaker ikkje er aktuelt vil Verdsarvparken gjennomføre/ nytte eige personell.

Beskriv hvordan krav om 50% egenfinansiering skal løses:

Kravet vert løyst gjennom dugnadsinnsats frå parkpartnarar/ samarbeidspartane, anna off. tilskot (kommunar/ fylke) og anna finansiering.(Næringsbidrag, sparebankstiftingar/ gåvemidlar)

Fremdriftsplan:

Årshjul Vandring og Verdiskaping:

1. Januar - Mars: Status og rapportering 2022. Utarbeiding/ oppdatering av arbeidsplan 2023, førebuing av feltsesong 2023. Avklare tiltak med grunneigarar og forvaltning. Avklare prioritering og gjennomføring med evt. samarbeidspartar. Søknader om finansiering.
2. April - Oktober: Feltlesong og gjennomføring. Vedlikehald, skjøtsel og forbetningar av stiar og skilt/ infotavler. Kunnskapsinnhenting.
3. November - Desember: Oppsummering feltlesong/ registrering i kart/ utarbeide turomtale/førebu ny/ revidert tiltaksplan.

Budsjett

Kostnader	Beløp
Prosjektleiing - kartlegging, samordning/ dialog og feltarbeid.	645 000
Material - , skjøtels og tilretteleggingskostnader div. møteverksemd	50 000
Uforutsette kostnader	50 000
Sum kostnader	745 000

Finansiering	Beløp
Samlet kostnad	745 000
- Egne midler	200 000
- Andre offentlige tilskudd	200 000
- Annen finansiering	100 000
Omsøkt tilskudd	245 000

Beskrivelse av annen finansiering må oppgis når det er oppgitt beløp under andre offentlige tilskudd eller annen finansiering:

Anna finansiering i dette høve vil omfatte bidrag/ øk. støtte/ spleis frå reiselivsverksemd, dugnad , gåvemidlar frå legat/ sparebankstiftingar m.v.

Beskriv hvordan krav om egenfinansiering løses?

Ikke utfyllt

Kan tiltaket/deler av tiltaket gjennomføres med mindre tilskudd enn omsøkt? Ja

På hvilken måte?

Tiltaka og innsatsen kan som omtalt ved tidligare søknader til ein viss grad gjennomførast med mindre tilskot.

Samstundes vil dette kunne føre til redusert moment/ framdrift/ kontinuitet i satsinga noko som igjen vil svekke

målsetjinga om eit langsiktig, heilskapeleg og koordinert samarbeid for å fremje natur- og kulturbaserte opplevingar i Verdsarvparken.

Minste tilskuddssum for gjennomføring: 200 000

Eventuelle merknader:

Verdsarvparken er i dette landskapet ofte denne etterlyste "nåken" (Noen) som tek initiativ, støttar, samordnar, / samtaler, organiserer og aktivt medverkar til planlegging, organisering og gjennomføring av tiltak

og prosjekt.

Tilbakemeldingar syner at dette er ei særskild viktig rolle og funksjon; særleg som støtte og pådriv opp mot t.d. friviljuge

organisasjonar sin operative innsats.

Vedlegg

Ingen vedlegg

 Erling Oppheim for NÆRØYFJORDEN VERDSARVPARK

Lvert 13.01.2023